

## NOTAT

### SVEÅSEN AS. MJÅTVEITMARKA. SVEÅSEN BUSTADFELT. GNR. 322 BNR. 247 M.FL. MERKNADER TIL NABOVARSEL.

Det vart sendt ut to nabovarsel i forbindelse med nytt bustadfelt.

Nabovarsel 1 vart sendt ut 06.04.2021 og her vart 13 naboar varsla om tiltaket.

- Ved fristens utløp var det motteke 2 merknader.

Nabovarsel 2 vart sendt ut 12.05.2021 og her vart 7 naboar varsla om tiltaket.

- Ved fristens utløp vart det motteke 2 merknader.

#### **NABOVARSEL 1**

##### KOMMENTAR TIL MERKNAD

Iona Hrafnisdottir Øksnes Hrafnhildur, gnr. 322 bnr. 65, vedlegg C-4:

Merknad:

1. Plassering av høgde bygningar ovanfor hennas eigedom som vil påverke/begrense/forhindre solforhold på hennar eigedom, som igjen påverkar verdien på eigedomen på ein negativ måte

Vurdering:

1. Varselet omhandlar nye bygningar, og ikkje nytt vass- og avlaupsanlegg. Ser derfor bort frå denne merknaden i gjeldande søknad.

Furefjellet Invest AS, gnr. 322 bnr. 80, vedlegg C-5:

Merknad:

2. Furefjellet AS held på med VA-plan for områdeplan Dalstø-Mjåtveitmarka og i den forbindelse er det planlagt vassleidning i gangvegen gjennom Sveåsen. Fordrøyningsmagasin FM1 vil gjere det vanskelege å leggje vassleidning i gangvegen og Furefjellet ønsker felles planlegging slik at ein fin gode løysningar.

Vurdering:

2. Det har vert dialog mellom Sveåsen AS og Furefjellet AS, og det er blitt avtalt samarbeid av bygging av ny vassleidning som skal liggje i gangvegen. Leidninga er no planlagt lagt langs og forbi magasin FM1 slik Furefjellet AS ønsker, for ein lettare framtidig tilkopling.

## NABOVARSEL 2

### KOMMENTAR TIL MERKNAD

#### Iona Hrafnsdottir Øksnes Hrafnhildur, gnr. 322 bnr. 65, vedlegg C-6:

##### Merknad:

3. Merknader gjeld det same som i «Nabovarsel 1 – merknad 1».

##### Vurdering:

3. Varselet omhandlar nye bygningar, og ikkje nytt vass- og avlaupsanlegg. Ser derfor bort frå denne merknaden i gjeldande søknad

#### Rygir Tomteutvikling AS, gnr. 322 bnr. 77 og 190, vedlegg C-7:

##### Merknad:

4. VA-plan tilseier at alt overvatn ledast til terreng via to fordrøyningsmagasin. Dette kan medføre problem for bustadfelt B5 (gnr. 322 bnr. 77) som er under utbygging av Mjåtveitmarka B16 AS. Gjeld spesielt utløp frå FM2.  
Det går ikkje lenger bekk gjennom B5. Den ligg i rør, så vatnet frå felt i nabovarsel vil kunne, i situasjonar med mykje nedbør, renne opp på bakken gjennom felt B5.


##### Vurdering:

4. Det er utført berekningar for dimensjonerande fordrøyningsanlegg som tilseier at utløpsmengda etter utbygging av veger ikkje er større en kva det er i dagens situasjon. Anlegget består av fordrøyningskummar og magasin som skal fange opp og fordrøye overvatnet. Gjer oppmerksom på at berekningane ikkje omfattar tomtane for einebustader, og dette blir handtert i neste byggetrinn.  
Ved eventuelle flaumsituasjonar vil mesteparten av overvatnet ha avrenning i Veg 1.2 ned mot vegen Mjåtveitmarka.

Handtering av overvatn i dagens situasjon og flaumveg gjennom gbnr. 322/77 må vere løyst i utbygginga av dette feltet.

Ved utbetring av gangvegen i områdeplanen kan det etablerast avskjerande veggroft for å hindre at overvatnet renn over gangvegen og inn på gbnr. 322/77.

Med venleg helsing



Halvor Fretland